



Referat frå årsmøtet i Sogndal Bridgeklubb avholdt på Sogndal Vidaregåande tysdag 20.mai kl 17.00.

Ca 50% av klubbens medlemmer møtte.

Tor Henning Mardal, vart valgt til å styre møtet.

**Sak 1) Økonomi** – Tor Henning Mardal tok over ansvaret for økonomien då klubbens kasserar vart råka av sjukdom. Det vart lagt fram oversikt over klubbens økonomiske stode pr 30.04.2025 som viser at klubben har ein positiv eigenkapital på 76 702,61. Klubben har sunn drift og har inntektene sine hovedsakleg frå klubbspeling og sommarbridge. Mesteparten av omløpsmidlane ligg på klubbens bankkonto.

**Sak 2) Fastsettjing av speleavgift og medlemskontingent** – Det vart vedtatt at spelekontingen på klubbkveldane vart kr 50,- slik det har vore siste året medan sommarbridgen vart holdt uendra til kr 100,- Medlemskontingen vart ståande på kr 1000,- pr medlem pr år. På bakgrunn av den gode økonomien i klubben vart dette vedteke einstemmig.

**Sak 3) Medlemsoversikt** – Det var ved inngangen av 2024 registrert 21 stk medlemmer i klubben medan det var registrert 22 medlemmer i klubben den 30.04. Nye medlemmer er Erik Flaten(tidl B-medlem), Aamund Mundal og Arnt Ola Fidjestøl medan Kai Henning Slinde og Anders Stedje er utmelde or klubben. Vi har håp om at vi får fleire medlemmer frå Leikanger BL som har vedteke å legge ned klubben.

**Sak 4) Utstyrssbehov/investering kommande år** – Bridge-more utstyret vårt er begynt å bli nokre år og det er eit behov for vedlikehold/fornying. Jo Tore Kristoffersen fortalte om problem med oppdatering av programvare då nettrettet var for gammel. Årsmøtet var einstemmig på at vi skal setje av midlar til fornying av utstyret. Jo Tore har fått fullmakt til å innhente prisar lokalt på 8 stk nye nettbrett. Investeringa skjer so snart som mulig og helst før klubben startar opp haustruppinga i september. Det vart også vedtatt at vi skal bytte ut 1-2 maskiner pr år med start 2026. Midlane blir finansiert gjennom klubbens driftskonto.

#### **Sak5) Val**

Klubben har dei siste åra vore uten eit fungerande styre og det var difor nødvendig at vi fekk landa eit nytt styre på årsmøtet.

Valkomiteen fremja Willy Myhre som ny formann og Lasse Opseth som ny kasserar i klubben.

Diskusjonen tok ei ny vendig då Arnt Ola Fidjestøl vart fremja av valkomiteen som nytt styremedlem og rekrutteringsansvarleg. Grunnen var at Arnt Ola ikkje stod som medlem i Sogndal BK på årsmøtedagen. Møteleiar kunne vise til at Arnt Ola hadde sendt skriftleg melding om at innmelding var på gang. Årsmøtet aksepterte entemlig dette og Arnt Ola Fidjestøl vart valgt inn i det nye styret.

I tillegg vart Jo Tore Kristoffersen valgt inn som utstyrssansvarlig og arrangementsansvarleg. Tor Henning Mardal vart valgt inn som rekrutteringsansvarleg saman med Fidjestøl.

**Nytt styre:**

**Willy Myhre , leiar**

**Lasse Opseth, styremedlem**

**Arnt Ola Fidjestøl , styremedlem**

**Kjell Inge Backstrøm, valkomitee**

**Øyvind Barsnes, valkomitee**

Fleire saker vart ikkje handsama og årsmøtet var slutt like før kl 18.00.

Sogndal 20.05.2025

Tor Henning Mardal, møteleiar

